

Kyrkjeblad

for Vestre Slidre



*Eg faldar mine hender små
I takk og bøn til deg.
Lat alle barn i verda få
det like godt som eg.*


*Vern alle med di sterke hand
mot fattigdom og død,
og hjelp små barn i alle land,
og gjev dei dagleg brød.*

*Lat ikkje krig og svolt og sott
få rive lykka ned.
Lat alle leva trygt og godt
i fridom og i fred.*

TORBJØRN EGNER/HALLDIS MOREN VESAAS

Ta vare på hjarta av alt du tek vare på, for livet går ut ifrå det.

SALOMOS ORDTAK 4.23



Påskeandakt



Foto:
Jarle Kvam

Den kjende svensk/ nederlandske trubaduren Cornelis Vreeswijk (1937 – 87), syng i «Turistens Klagan» om å kjenne seg avstengd, men korleis songen frå barna på Karl Johan kan gi nytt håp.

*Det sjunger några ungar på Karl Johan,
dom låter starka och fina som bara ungar kan.*

Ein ettermiddag på etterjulsvinteren kjende eg på kor lite dagslys det var. Tilværet var prega av restriksjonane knytt til Covid-19. Då hende det noko som var som å finna kvitveis og blåveis midt i vinterens snø, is og kulde. Kva hende? Jau, ivrige barnestemmer uttrykte glede over å leika i snøen og lyden frå borna bar bod om liv og håp midt i det avstengde.

Dette minner meg om to ord som er knytt til jul og påske: «Ver ikkje redde». Dette fekk gjetarane på Betlehemsmarkane høyre. Det same fekk kvinnene høyre då dei tidleg på morgonen kom til grava til sin ven. Det er så stille, så stille. Men så blir stilla broten av at det hender noko grensesprengande som ber bod om noko nytt!

Dette å sjå til ei grav, handlar om eit felles grunnleggande behov; å sjå til og minnst den som er død. Ikkje sjeldan gjer mange dette både rett etter gravferda og seinare. Ser til, kjenner på det som var, ber med seg felles levd liv. Mange av kyrkjjetenarane og gravarene rundt om veit at det er slik og er opptekne av vørndnad på kyrkjegarden. Dei legg omsorg og omtanke i mellom anna korleis dei etter gravferds-seremonien legg kransar og båretbukettar på gravene. Alle som har mista ein nærstående veit kor mykje denne vørndnaden og respekten har å seie i møte med dei store spørsmåla knytt til liv og død.

Jesu liv, hans død på krossen og hans oppstode kastar ljøs over våre liv og vår verd. Krossen rører ved vår eksistens. I den augneblinken Jesus drog sitt siste andedrag på krossen skalv jorda og klippene slo sprekker. Etter at Jesu døde lekam hadde kvilt i grava, skjer dette uforklarlege og overveldande endå ein gong. Men no er det ikkje dødens, men livets krefter som bryt fram.

For Maria Magdalena og den andre Maria vart morgonens sorgfulle stille broten. Eg ser for meg angsten og forvirringa deira. Eg syns eg høyrer spørsmåla deira: Kva er det som hender? Er det ikkje nok no? Og så får dei høyre fra engelen: «Frykt ikkje! Eg veit at de leiter etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her, han har stått opp, slik som han sa. Kom og sjå staden der han låg!»

Kyrkja blir framleis boren oppe av denne gjennomgripande hendinga. Sidan den gongen har bodskapen om Jesus Kristus fått lyda til forankring, tru og håp.

Når menneskelivet blir fylt av mørke og tunge tider, skal kyrkja halde fram med å reise hópets ljøs for kvart einskilt menneske.

For sjølv om redsla ikkje er borte, spirer livets krefter fram. Oppstoda ber lovnad om liv og framtid. Kristus har stått opp!

Velsigna påskehøgtid!

Solveig Fiske
HAMAR BISKOP

Kva har eit fuglehus med Gud å gjere?

No såg eg det. Gud er eit fuglehus! Eller rettare sagt, Gud er som eit fuglehus.

Heile påskemysteriet er der i eit fuglehus på ein staur.
Nye bilete kjem til meg. Eg ser. Eg tenkjer.

Fuglehuset:

Fuglane kjem og går. Her finn dei mat. Dei finn mat fordi nokon har lagt maten ut. Nokon har tenkt på dei.

Huset har mange opningar. Fuglane vel sjølve kor dei går inn og ut – om dei vil sitje på brettet. Om dei vil titte inn. Om dei vil gå inn i huset. Om dei vil sitje på bakken og sjå opp eller ned, henge på stauren, bruke taket. Dei vel sjølve kor lenge dei vil sitja der dei sit. Kort eller lenge. Og neste gong vel dei kanskje ein annan plass.

Matstasjonane er mange. Fuglane vel kor dei vil eta, frøa på bakken ein gong, frøa på brettet ein annan gong eller inni huset ein tredje gong.

Både små og stor fuglar kjem samstundes. Eg ser at nokre av dei vert engstelege for dei som er større ...

Meg:

Fuglehuset sett som Gud si handling i møte med meg gjer godt. Det finst ikkje rett eller feil plass i fuglehuset. Ein kan sitje alle stader og samstundes være i Guds nærleik. Gud er ikkje berre i toppen av fuglehuset. Eg treng ikkje klatre til topps. Eg kan òg sitje ved foten, heilt nedst. Der òg er eg sett og ønska velkomen.

Det er mat overalt, også der nede. Eg kjenner det er godt å kunne velja kor eg vil finna maten ut frå tida og omstende, kven andre som er der, korleis eg har det med meg sjølv og korleis eg tenkjer om Gud nett no. For, alt er gjort ferdig. Heile tida. Eg kan kome og ete slik eg er. Der eg vil. Når eg vil. Eg kan kome og gå. Sitje ei ri eller gå vidare raskt.

Gud:

Fuglehuset syner meg ein raus Gud. Ein Gud som har lagt alt til rette, ber meg kome på mi eiga tid, når eg er klar. Tek meg imot. Gjev meg mat der eg kjenner eg kan sitje i dag. Gud gjev alltid plass ved matfatet. Det er plass til alle. Alt eg treng å gjere, er å nærme meg, finne ein veg, rekke fram hendene og ta imot.

Så ser eg korset. Fuglehuset på stauren er eit kors. Stauren er langbjelken, den vertikale bjelken i korset. Matfatet eit stykkje oppover stauren, er kortbjelken, den horisontale bjelken. I korset trengst begge bjelkane. Først



når bjelkane møtest, vert korset danna, og det er kristendom. Eg kjenner att *Golgata*. Eg kjenner *Oppstoda* der. Jesus, Guds son som viser oss Gud, er der. Langbjelken står støtt og solid og kan ikkje angripast. Gud har slått han i bakken slik at vi kan ta imot det Jesus gjorde for oss →

Langfredag den gongen og kvar Langfredag etter det, og 1. påskedag. Død og oppstode. Jesus ber langbjelken og inviterer oss til å vere med å bere tverrbjelken. Tverrbjelken opnar opp mot andre menneske, til nærmiljøet og til verda kring oss. Jesus rekker armene mot oss der. Vi kan strekke våre mot andre. Vi er kalla til å bry oss om kvarandre.

Det heile er eit mysterium. Det er tru. Eg finn det ikkje så lett å gripe Gud. Så eg støer meg på Bernhard av Clairvaux som levde for ni hundre år sidan som seier at det er viktigare å erfare Gud enn å forklare Gud. Han seier òg at vegen til Gud oftare går gjennom hjartet enn hovudet. Fuglehuset blir for meg forteljinga om at Gud ikkje forlet nokon. At ingen er gløymd av Gud. At han er her for alle som vil. Ikkje ein sporv til jorda utan at Gud det veit.

Korset syner meg at Jesus gjekk i døden for oss så vi

kan sjå Gud. Så vi kan leve vendt mot Gud og med Gud. Mot kvarandre. Vere i verda. Saman. I liv og død.

Toppen av langbjelken som ein del av stauren over tverrbjelken, er huset med dei mange vindauga. Dit kan eg kome inn ein veg, gå ut ein annan veg. Der kan eg søke ly for ver og vind når livet stormar. Under taket kan eg finne skugge når det er brennheit og halde meg tørr når regnet fell. Mest av alt kan eg kome hit og kvile meg litt. Om att og om att. For så å rekke hendene fram for å ta imot og for å gi. For kjærleiken er at han har elska oss først.

Langbjelken og tverrbjelken saman gjev liv. Krossen er mat. Oppstoda er framtid og von. Vi er tenkt på. Dette er for meg påske.

Berit Kristin Klevmoen, bilete privat



Ikon med tente fastelys i Slidredomen.



Fastetreet i prestegardshagen.

Fotvasking og handtoing i gamal og ny tid

I koronatida er vi vortne dyktige til å vaske våre eigne hender i kampen mot viruset. Attende I tid til den fyrste «stille veka», høyrer vi om Jesus som vaska føtene åt disiplane. Ikkje berre for reinsemda si skuld, men som ei symbolsk handling. Dagen etter – den lange fredagen – som var full av dramatikkk frå hanen gol til seine kvelden, var det og ein som vaska – eller toa – sine eigne hender, som tegn på at han var misnøgd med situasjonen.

Denne fyrste «stille veka» var vel ikkje så stille at det gjorde noko. Tvert i mot. I Jerusalem ulma uroa. Innbyggjarane likte seg dårleg under det harde romerske styret og kjende seg undertrykte av den framande makta. Mange svalt og fraus, og dei hadde lite å glede seg over. Stemninga var spent og uroleg.



Pilatus vaskar hender av Michel Welply.

PONTIUS PILATUS var av denne grunn stasjonert i Jerusalem med troppene sine. Til vanleg heldt han til i Caesarea. Han var representant for det romerske imperiet og hadde stillinga som statthaldar, eller landshovding, å verne om. Den ville han for all del ikkje miste, så her skulle alt haldast under kontroll!

Den sentrale konflikta står mellom to heilt diametrale motsetnader. På den eine sida har vi Jesus som manar til nestekjærleik, forsoning og fred, og som vi veit fylgde

mange han. På motsett side kjem Barabbas med sitt valdelege opprør.



Jesus og Barabbas av Giovanni Gasparro.

BARABBAS var ein krigersk provokatør og drapsmann. Høgrøysta, uvøren, karismatisk og kvinneglad eggja han til strid med vald og våpen. «Det var som tjue sverd lynte i sola frå handa hans», vart det sagt.

Nordahl Grieg har skrive eit spelstykke om Barabbas, der hovudpersonen uttrykkjer seg omtrent som fylgjer når han talar til folket:

– det er sagt til dykk: bøy dykk og ver tolmodige. – Men EG seier: Reis dykk og ver frie! – elsk fienden din, er det sagt. – Hat dei, seier eg. Hat dei til den siste framande er jaga bort! Hat dei til folket vårt er fritt! Kven går med meg i hatet? – Kven fylgjer meg?

Med slik ordbruk øser han opp folket, får mange med seg og stemninga stig. Sjelvsagt vert Barabbas fanga og fengsla. Noko slikt som han kan ikkje styresmaktene ha gangande laust. Opprøret er i ferd med å bryte saman, men felagane hans jobbar med saka – og dei får hjelp.

Farisearane har ingen tru på pasifismen til Jesus, så dei konspirerer mot han med sjølvaste Kaifas i spissen.

ØVSTEPREST KAIFAS var eit imponerande syn når han kom skridande i efod-drakta si – øvstepresten si eiga drakt. Han var leiar for Det høge råd og eigar av det høgaste heilage embetet i heile Israel. Til det var han er utnemnd frå Roma og med eigne kanalar til – og nikkedokke for – keisaren.





Kaifas, bilde/tegning frå *History of Costume – Braun & Schneider*.

Det likte Pilatus ille. Dette to var ofte i konflikt med kvarandre, og Pilatus brende fingrane sine fleire gonger etter å ha terga Kaifas, for den karen var ikkje til å spøkje med. Pilatus både frykta og hata han.

Kaifas på si side frykta og hata Jesus. Det fekk no så vera at han lækte krøplingar og fekk prostituerte til å vende om. Noko heilt anna var at han vekte Lasarus opp frå dei døde – det var så mektig ei gjerning at Kaifas stokk. Ein med slike evner kunne vera i stand til kva som helst; langt utover det Kaifas sjølv kunne klare. Ein overmann. Makta hans var i fare. Det var ingen tvil – Jesus måtte eliminerast.

Slik vart Kaifas den fyrste personen som retta klager mot Jesus. Det var han som gav Judas dei tredve sølvpengane og såleis fekk Jesus arrestert. Han leidde den fyrste rettargangen og gjorde sitt til å få manipulert Pilatus til å dømme Jesus til døden.

Grundig gjennomført taktisk og politisk spel fører til at han får det som han vil. Og folkemengda skrik: «Slepp Barabbas fri!»

Pilatus er i sterk tvil om kva han skal gjera. Han har mykje sympati for Jesus, men er samstundes redd for å miste embetet sitt. Til slutt gjev han etter for presset frå Det høge råd og den ropande folkemengda. Han dømmer Jesus, og let Barabbas gå. Etterpå tuslar han ut og toar hendene sine.

Ut frå det alle evangelistane skriv var det Pilatus som avsa dødsdomen. Dei gjev likevel ikkje noko troverdig bilde av den rolla han hadde under rettargangen. Både Matteus og Lukas omtalar han som ein rimeleg, men svak mann, som eigentleg vil frikjenne Jesus. Frå ikkje-kristne kjelder heiter det derimot at han var ein stivbeint, grådig og gruffull statthaldar...

I den seinare kyrkjelege tradisjonen er det tendens til å svekke Pilatus' og demed romermakta sitt ansvar for Jesu død, ofte med ei tilsvarende vekt på skulda til jødane.



Pilatus, frå svenska kyrkan i London.



Pieta av Pietro Penegino.

PIETA

Pieta er det kunsthistoriske ordet for framstilling av jomfru Maria som syrgjer med Kristi døde lekam kvilande i fanget. Ordet er italiensk og tyder noko i nærleiken av det å vera miskunnsam og from.

Å KRYPE TIL KORSET

Uttrykket kjem frå mellomalderen då skikken var å ta krusifikset ned frå altaret og leggje det på ein forhøgning midt i kyrkja. Dit kraup dei truande bort og kyste det.

Sigrun Sørensen

Jubelropet runger


1. Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se, en engel kom,
åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!
Deg være ære, Herre over dødens makt
Evig skal døden være Kristus underlagt.

2. Se, Herren lever! Salig morgenstund!
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger: Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger, Kristus Herre er!
Deg være ære, Herre over dødens makt
Evig skal døden være Kristus underlagt.

3. Frykt ikke mere! Evig er han med.
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære, seier er hans vei,
evig skal han regjere, aldri frykter jeg.
Deg være ære, Herre over dødens makt
Evig skal døden være Kristus underlagt.

Eg trur kanskje ikke at eg tek for hardt i, dersom eg påstår at *Deg være ære* har posisjonen som sjølvaste påskesalmen. Det er i alle fall den av påskesalmane som har ein etablert bruk utanfor påsketida, både ved konfirmasjon, bryllaup og gravferder. Men i eit salmehistorisk perspektiv er han ganske ny. Salmen vart opphavleg skriven i 1885, i Lausanne, av den sveitiskse frikyrkjepresten Edmond Louis Budry under tittelen *À toi la gloire*. I 1925 vart han omsett til engelsk og tysk, og først i 1947 nådde han Skandinavia der sokneprest i Frogner, Arne Fjellberg, omsette han til norsk. Inn i salmebøkene kom han ikkje før med Salmer 1973 og seinare Norsk salmebok frå 1985. Her har vi altså eit døme på ein salme som verkeleg har fått fotfeste i nyare tid.

Eg hugsar ikkje sjølv når eg lærte songen. Han har alltid vore med meg. Men eg var langt opp i 20-åra før det gjekk opp for meg at teksten ikkje hadde eit punktum etter «Evig skal døden være», men at setninga eigentleg tyda at døden for alltid var underlagt Kristus. Og det skal vi jo vere glade for. Men slike forvirringar kan lett oppstå når ein skriv, og deretter omset, tekstar til allereie etablerte melodiar. Tonen til *Deg være ære* er nemleg skriven av Georg Friedrich Händel (1685-1759), han med Halleluja-koret, og hadde opphavelg lite med påska å gjere. Han er henta ut av oratoriet *Judas Maccabeus*, som handlar om ein jødisk opprørarar frå dei siste hundreåra før Kristus. Han leia det makkabeiske opprøret mot det gresk-makedonske Selevkideriket, ein arv etter Aleksander den store, og melodien vi konsentrerer oss om her, ber tittelen «See, the Conquering Hero Comes!» når Judas Makkabeus returnerer til Jerusalem etter å ha vunne slaget. Melodien vart raskt populær. Beethoven var ein av komponistane som tok tak i melodien og skreiv eit variasjonsverk for cello og



Henrik Sørensen: Altartavla i Linköping.

piano basert på han. Han er også brukt til andre salmetekstar.

Men teksten er jo likevel ikkje utan berøringspunkt med teksten som Händel opphavleg hadde framfor seg. Også den versjonen vi alle kjenner, handlar om ein frigjeringshelt. Det er Kristus har sigrar over dei mørke maktene og som har lagt under seg døden. Difor skal han ha all ære, nett slik vi ber i slutten av Fader Vår: «For riket er ditt, og makta og æra i all æve.» Resten av teksten er i stor grad basert på påskeevangeliet slik vi finn det i Matteusevangeliet. Linjene «Lyset fyller haven, se, en engel kom, åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!» syner til Matt 28, 2-3 der det står: «Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. Han var som eit lyn å sjå til, og kledda hans var kvite som snø.»

Noko av det eg synest særpregar denne salmen er at det aldri er heilt lett å vite om han pratar om det som skjedde då, eller om han henvender seg rett til den som syng han. Både andre og tredje strofe starter med eit sitat frå engelen: «Se, Herren lever» og «Frykt ikke mere. Evig er han med!». Men talar ikkje teksten like mykje til oss i dag? Er det ikkje oss han vil overtyde om at døden er overvunnen, at Frelseren er tilstades, gjev liv og fred, har sigrar og skal regjere til evig tid? Eg ser denne teksten like mykje som ein gledesbodskap til den som syng han no, om at vi kan sleppe frykta og stole på Kristus. Difor gjev det god meining å syng ein såpass jublende salme også i gravferd, fordi han formidlar det grunnleggande håpet i den kristne trua, håpet om at døden er underlagt Kristus og difor ikkje er noko å frykte.

I Filipparbrevet skriv Paulus, fordi Kristus døydde og sto opp: «I Jesu namn skal difor kvart kne bøya seg, i himmelen, på jorda og under jorda, og kvar tunge vedkjenna at Jesus Kristus er Herre, til Gud Faders ære!» Personleg trur eg hovudgrunnen til at *Deg være ære* har vorte så populær, er at melodien realiserer dette; både den eksalterte og friske jubelen hjå den som syng, men og det majestetiske og opphøgde ved den som skal ha æra. Slik verkeleggjer melodien ekkoet av Filipparbrevet i andre strofe: «Jubelropet runger: Frelseren er her! Pris ham, alle tunger, Kristus Herre er».

Are Alund

«Ljom av levd liv»

Johanna Fuglesteg har dei siste åra vore stadig oftare å sjå i kyrkjene i Vestre Slidre. Fyrst som frivillig klokkar, sokneråds- og fellesrådsmedlem, dinest som kyrkjebladredaktør og no til sist som fast tilsett klokkar i Slidredomen. Vi andre i redaksjonen erklærte ho sjølv som inhabil og forlangte eit intervju med henne.

Når eg bed Johanna fortelje om sin eigen bakgrunn, har ho mykje å fortelje. Ho er fødd og oppvaksen i Skammestein, saman med mor, far og fire sysken, ein oppvekst prega av både bøker og lange somrar som vertskap på Skogadalsbøen i Utladalen. Det musikalske har vore med henne sidan ho var lita. Ho vaks opp i ein heim prega av folkemusikk. Mor hennar, Anna, var ein nestor i folkesongmiljøet i Valdres, og Johanna byrja sjølv å spele langeleik som 12-åring. Sidan har ho vore ein del av folkemusikkmiljøet både som utøvar, programleiar, organisator og frivillig. «Det er eit miljø der alle tek vare på kvarandre», fortel ho. «Det var også gjennom folkedansen at eg møtte Sigbjørn, mannen som skulle gjere meg til gardkjerring på Hagabekk i Røn og budeie innunder Nøsakampen.»

Kunnskap og lærdom har vore ein viktig del av livet. Som fjerdeklassing fekk ho si fyrste bok – Nynorsk ordliste. «Den gjekk eg heim og las frå perm til perm,» fortel ho. Etter å ha gått folkeskulen på Midtre Hegge, realskule og gymnas på Fagernes flytte ho til Oslo for å studere på Universitetet i Oslo. «Men eg treivst usedvanleg dårleg i byen,» seier ho, «eg måtte til ein stad med fjell, skog og vatn.» Og dermed havna ho, som den halve sogningen ho er, i Sogndal, der ho gjekk lærarskulen. Sidan har ho studert både engelsk og spansk, KRLE, og til sist vart ringen frå 4. klasse fullført då ho tok masterutdanning i nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda. «Eg har alltid likt å lære,» fortel ho. «Det har vore noko eg alltid har meistra og har funne glede i, sjølv om andre ting i livet kan ha gått tyngre. Når eg studerer, går eg inn i ei boble, der hovudet nærast fungerer som ein svamp.»

Vestreslidringane kjenner kan hende Johanna aller best som lærar ved Røn skule. Då skulen vart lagt ned, hadde ho arbeid der i 36 år. Ved Røn skule var Johanna med i ei stor satsing på kultur, prega av songtradisjonar, skulekor og ikkje minst jule- og sommaravslutningar der heile skulen var involvert i å sette opp spel basert på forteljingar av Astrid Lindgren, Alf Prøysen og Torbjørn Egner. Det var prosjekt der heile skulen drog i lag, og som elevane hugsar i etterkant. «Korleis ser du på at Røn skule til sist vart lagt ned?» vil eg vite. «Det var trått, og eg trur at noko gjekk tapt av den kulturen vi hadde etablert,» seier ho. «Men samtidig så talar folketalsutviklinga sitt tydelege språk. Eg skjønner at det til sist måtte bli slik, men kanskje kunne skulen ha fått vore noko lengre? Det er i alle fall hyggeleg at den siste klassa eg var lærar for på Røn, er dei same som no er konfirmantar.»

«Men fortel lesarane no, kva er det jobben som kyrkjebladredaktør går ut på?» «Eg utarbeider oppsett for bladet og sender ut bestillingar til dei ulike skribentane. Så leverer dei tekstane innatt til meg. Det er stort sett eg som står for bilete og vers på framsida, og så skriv eg enkelte tekstar



Johanna i arbeid.

sjølv også. Når stoffet er inne sender eg det vidare til trykkeriet og har dialogen med dei. Eg les også korrektur – opptil fleire gonger.» «Ja, for bladet må vel vere på retteleg nynorsk», skyt den bokmålstalende intervjuaren inn.» «Eg synest det, så lenge kyrkjespråket er nynorsk. Har vi gjesteskriventar, kan dei skrive på bokmål, men elles trur eg det er bra for lesarane at dei får tilsendt ein heil publikasjon på god nynorsk. Det er ikkje for mange av dei elles, så det legg eg gjerne ned litt ekstra arbeid for, særleg når vi veit at mange i bygda les bladet.»

«Kva meiner du eit kyrkjeblad bør vere?» spør eg vidare. «Eg meiner at hovudhensikta må vere å seie noko om kyrkjelivet i Vestre Slidre, i heile breidda. Det kan vere å fortelje om kva som har skjedd og skal skje av særskilte hendingar, og så skal det vere litt fagstoff. Og så skal det vere eit gudsord, ei andakt eller liknande. Men det spørst jo litt kven som er skribentar også. Det er viktig at dei får skrive om noko dei interesserer seg for og har lyst til å skrive om.»

Eg vender blikket frå redaksjonslokalet på prestekontoret, ut vindaug og nord mot Slidredomen. Eg må høyre litt om kva som fekk Johanna til å søke klokkarstillinga. Ho fortel at ho allereie hadde vore mykje inne som frivillig klokkar, og at når det vart bestemt at stillinga skulle lysast ut att, så var det fint å få sett arbeidet ho utførte i system. «Som fast tilsett blir eg ein meir integrert del av staben. Då kan vi saman setje saman liturgi, salmar, musikk og tekstar til ein heilskap. Sjølv har eg alltid likt å lese og fortelje. →

FASTEAKSJONEN

Den årlege fasteaksjonen for konfirmantane i heile landet må også i år gjennomførast digitalt – det vil seie på facebook. Fasteaksjonen for dei 3 sokna i Vestre Slidre er allereie godt i gong – den ligg ma ute på kyrkja si facebookside. Informasjon ligg også ute på nettsida vår: kyrkja.no/vestre-slidre.

Årets aksjon

Aldri før har rent vann vært så viktig som i 2020, da pandemien rammet oss alle.

Utfordringene forbundet med dette fortsetter i 2021, hvor vi ser at Kirkens Nødhjelps 60 år lange erfaring, kunnskap og arbeid med vann er livsviktig i kampen mot det dødelige viruset.

Vi fortsetter vårt forebyggende vannarbeid ved blant annet å bygge håndvaskstasjoner, kjøre ut vannbiler og drive opplæring i hygiene for å forebygge covid-19.

I årets aksjon besøker vi landsbyen Kasalaulo i Zambia, hvor Kirkens Nødhjelp bygget en brønn i 2018. De positive effektene av brønnen er mange, og vi vil bli bedre kjent med dette gjennom Susan, Champo og Japhet.

Dei offisielle datoane for aksjonen er 21-23.mars, men den vil vere tilgjengeleg til 10. april.

Informasjon ligg også ute på nettsida vår: kyrkja.no/vestre-slidre.

Vi er takksame om du støttar denne gode og svært viktige saka – og deler den vidare på facebookside di!



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

**FOR 785
MILLIONER MENNESKER
ER DETTE DRIKKEVANN**

Forandre. For andre.

**VIPPS til 2426
SMS VANN til 2426 (250,-)
eller gi på konto: 1594 22 87493**

FASTEAKSJONEN 21. – 23. MARS

Der kjenner eg at eg har noko å bidra meg. Eg veit at mange av elevane mine har hugsa godt det eg har fortald dei. Eg brukar tid på å førebu og tolke tekstane, velje kva eg skal vektlegge. Og så må eg vel innrømme at det er noko ved meg som likar å stå framfor folk. Men fyrst og fremst håpar eg å vere med å lyfte fram Ordet, og så trur eg jobben er bra for meg. Han kan gjere meg ro.»

Til sist må eg høyre med Johanna kva forhold ho har til kyrkja ho no har vorte klokkar i. «Det lever noko stort i den kyrkja. Det er høgtid i rommet.» «Har det noko med dimensjonane å gjere? Veggane, takhøgda?» spør eg. «Klangen lyftar seg når du syng i Slidredomen. Og så synest eg at eit gudshus som har stått i nesten 800 år, har noko særskilt ved seg. Det er så mange generasjonar vestre-slidringar som har fått eit eller anna innan desse veggene.

Det synes eg er stort. Oldemor mi sto heime på trammen i Skammestein med knepte hender på julaftan klokka fem. Ved rette verforhold kunne ein høyre omen av slidre-klokkene heilt dit når dei ringde med alle klokkene. Eg har eit tett forhold til klokkeklangen etter å ha vakse opp rett ved Lidar kyrkje. Det er ljomen av levd liv. Og den ljomen finn eg att i kyrkjene også.

Vi ynskjer Johanna alt godt for klokkarjobben i Slidre, og vi ser fram til å nyte godt av både formidlingsevne og all den kunnskapen ho har opparbeidd seg gjennom eit heilt yrkesliv, som no heldigvis skal vare ei stund til. Og i den augneblinken eg sender intervjuet mitt til kyrkjeblad-redaktøren, ser eg for meg ein tiaring som lener seg ivrig over «Nynorsk ordliste».

Are Alund

Erik Rostbøll til minne



Forfatteren og presten Erik Rostbøll døde 8. februar etter kort tids sykeleie. Gjennom mange år gjorde han prestetjeneste i Vestre Slidre. (Foto Terje Eklund)

Forfatteren og presten Erik Rostbøll døde 8. februar hjemme på sitt kjære Kvitsyn i Vestre Slidre. Med ham har en stor personlighet og et særpreget og mangfoldig menneske gått ut av tiden. En åndshøvding har forlatt oss. Nå er vismannen på Kvitsyn død. 25. mars ville han ha fylt 95 år. Et ord Erik yndet å bruke, var «makelaus». Det må sannelig også være den rette betegnelsen på ham selv. Erik var dansk, men i over 40 år var han bosatt i Valdres, og han har så visst satt spor etter seg i dalføret.

Erik Rostbøll vokste opp i et godt barndoms- og høyskolehjem i Århus. Et hjem preget av grundtvigiansk ånd og et kristendomssyn fylt av glede. Her fikk Erik tidlig stifte bekjentskap med musikk og litteratur. To felt som skulle bli hans følgesvenner gjennom livet. Han ble ut-

dannet ved Danmarks Lærerhøjskole og studerte senere litteratur og idéhistorie ved Universitetet i København.

I 1949 ble Erik Rostbøll tildelt et stipendium fra Fondet for dansk-norsk samarbeide. Han fikk bo på historiske Lysebu utenfor Oslo. I Norge knyttet han vennskapsbånd til flere norske forfattere, foruten at han ble en god venn av biskop Eivind Berggrav. Etter at han kom til Valdres, fikk han gode venner i forfatterne Knut Hauge og Jul Haganæs. For heller ikke å glemme den mangeårige redaktør av avisa Valdres, Jostein Pedersen. Erik hadde en svært stor bekjentskaps- og vennekrets, både i Danmark og Norge. Han var glad i mennesker og mennesker var glad i ham.

Erik nøyde seg ikke med å lese andres bøker, han hadde

også selv mye på hjertet. Han var født fabulerende og likte å skrive. I 1953 debuterte han som forfatter med romanen «og hanen galede anden gang». Boken ble en stor suksess og oversatt til flere språk. Med årene er det blitt et titalls bøker. Han har forøvrig vært en svært etterspurt foredragsholder. Med sin store og levende fortellerevne har Erik alltid hatt en stor tilhørerskare. Noe han også skulle oppleve som prest.

For presten Erik Rostbøll er en annen vesentlig side ved hans liv og virke. Han hadde ikke teologisk embetseksamen, men var godt kjent innenfor Den danske kirke. Til sin store forbauselse ble han av den konservative biskop, Christian Baun, oppfordret til å la seg ordinere til prest, noe de øvrige biskoper ga sin tilslutning til. I 1964 ble Erik ordinert i en fullsatt Roskilde domkirke og tilsatt som sogneprest i Magleby på Møn, der han ble i 10 år, inntil han fikk sogneprestembetet i Sorgenfri utenfor København. Fra 1981-85 virket han som sogneprest i Esbønderup ved Helsingør. Folk kom gjerne langveis fra for å høre hans prekener.

På slutten av 1980-tallet og i mange år fremover, gjorde Erik tjeneste som vikarprest i Valdres prosti. Han var prost Georg Espolin Johnson stor takknemlig for den mulighet, og han har tjenestegjort i de aller fleste av kirkene i dalføret. «Danskepresten» ble en kjent skikkelse i prostiets menigheter. Men ikke nok med det; sammen med sin hustru Kirsten lot han oppføre sin egen lille kirke på Kvitsyn. 2. juledag 1995 ble Noas Ark innviet av Hamarbiskop Rosemarie Köhn. Erik og Kirsten har vært svært trofaste kirkegjengere i Vestre Slidre. Så å si hver eneste søndag har de to vært til gudstjeneste, til god støtte for prester og menigheter.

Gjennom litteraturen fikk Erik en tidlig draging mot Norge, som etter hvert skulle bli hans andre hjemland. I 1970 ble drømmen oppfylt om å få sitt eget sted i Valdres da han fikk kjøpe bureisningsbruket Bergseng i Vestre Slidre, eiendommen som fikk navnet Kvitsyn og som Erik sammen med Kirsten har skapt til et paradisi på jord, til glede både for dem selv, familie og venner. Ja, langt utover Valdres sine grenser etter at Oddgeir Bruaset i NRK i 2014 presenterte stedet og Kvitsyn-folket i den populære TV-serien «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu».

Krigen er et eget kapittel i Erik sitt liv. Han ble engasjert i den danske motstandsbevegelsen bare 14 år gammel og reiste siden rundt i landet som kurér. Tross sine unge år våget han eget liv for sitt fedreland, inntil han noen år senere under dramatiske omstendigheter ble tatt til fange av Gestapo og torturert. Ved et mirakel klarte han å flykte, men opplevelsene fra krigen skulle komme til å merke ham for livet.

Erik vil bli husket som et hjertevarmt og livsbejaende menneske som alltid møtte oss med åpne armer. Han var svært inkluderende og tilstedeværende. Med sin karisma



Terje Eklund og Ola Døhl var forretende prester i gravferden etter Erik Rostbøll i Slidredomen 19. februar. (Foto Hege Birketvedt Eklund)

og utstråling «tok han rommet», samtidig som han så den enkelte av oss. Han øste av sin kunnskap og gjorde oss lydhøre. Vi vil huske ham som et festlig og fargerikt menneske, med et smittende humør og en rungende latter. Han var en som berørte oss.

Jeg møtte Erik første gang sommeren 1984, kort tid etter at jeg hadde flyttet til Valdres. Jeg hadde hørt gjetord om den danske presten og forfatteren som hadde slått seg ned på Slidreåsen, og jeg dro opp til Kvitsyn for å intervju ham for Aftenposten. Vi fant tonen umiddelbart. Siden har vi vært uatskillelige bestevenner. Vi delte så mye sammen; det være seg den gode samtalen, litteraturen, estetikken, troen, kjærligheten til Valdres, de gode måltider, for ikke å snakke om den klassiske musikken! Erik har forøvrig vært til stor oppmuntring for meg i min prestetjeneste.

Det blir et stort savn etter Erik, og det var med stor takknemlighet vi tok avskjed med ham i Slidredomen en strålende vinterdag i februar. Et eventyrlig liv er til ende. Nå er det alle de lyse og kjære minnene som vil leve videre i erindringen hos den enkelte. Guds fred over minnet.

Terje Eklund

Guide i Lomen stavkyrkje i sommar?

Kan du tenkje deg å vere guide i Lomen stavkyrkje i sommar?

Møte ulike turistar og syne dei og fortelje dei om den flotte stavkyrkja vår?



Du må prate bra norsk, og du bør beherske engelsk greit. Du må vere trygg i møte med folk-og ønske å yte god service. Vi ønsker at du er 18 år eller eldre.

Stavkyrkja har ope frå sankthans til midten av august. Opningstidene er frå kl.11-17. Vi ønsker å ha ope minst 4 dagar, dette må vi vurdere utfra søknader. Laurdag og søndag har vi uansett ope. Er de to guider kan det vere mogleg å dele på dagar eller veker.

Viss dette er noko for deg vil vi gjerne høyre frå deg! Ved spørsmål ta kontakt med Veslemøy på kyrkjekontoret på tlf:61 34 50 95/9586 8588. Søknad kan du sende til vk766@kyrkja.no

Pilegrimsvandring 2021

Pilegrimsvandringen sommeren 2020 ble avlyst, grunnet korona-pandemien. Sjøl om pandemien på ingen måte er slutt, tar vi sikte på at det blir fellesvandring fra Hedalen stavkirke til St. Tomas-kyrkja på Filefjell, 25. juni – 3. juli 2021. Vil du bli med?

Opplev Valdres i sakte tempo, i både en indre og en ytre vandring. St. Tomas kyrkja var et viktig pilegrims-mål i middelalderen. Folk opplevde at der var det en undergjørende kraft, som kunne gi dem helsa tilbake!

Keltisk åndstradisjon med helliggjøring av naturen var en bærende kraft i kristningen av Valdres, og levde videre her. På vandringen bruker vi keltiske salmer og bønner. Som alle tidligere år vil vi ha stille vandring, med god tid til samtale i pauser og naturligvis der vi overnatter.

Soknepresten i Øystre Slidre, Eli Vatn, vil være pilegrimspresten. Jahn Børe Jahnsen blir vandringsleder. Som medledere har han Anne Marit Noraker, Anne Kjersti Frøyen og Berit Bang Thorsrud.

Flere opplysninger kan du få hos Jahn Børe, jbjahnsen@gmail.com.

Påmelding til turen kan du sende til Liv Barbro Veimodet, tlf. 41674669, eller e-post lv564@kirken.no

Gjennom de 15 årene som det har blitt arrangert fellesvandringer, har flere hundre mennesker opplevd pilegrimsvandring gjennom Valdres som noe stort. Kommende sommer kan det bli din tur!


Hans Enger

Barneside

1. Ta blyanten din og strek frå 1 til 28 . Kanskje du kan tippe kva det blir før du er ferdig!



3. Sudoku. Teikne inn i kvar rute slik at det blir ein godbit av kvart slag på kvar rekkje, både vassbeint og loddbeint.



2. Set strek frå bilde til rett ord:



påskeliljer



påskeegg



påskeykilling



skitur



påskegodt



kross



hestehov



gåsungar



tulipanar



kyrkje



krokus



hytte

4. Fargelegg påskekorga med egg, blomar og sløyfe.



5. Påskequiz: A) Kva kallar vi dagen då Jesus reid inn i Jerusalem og vart heia på? B) Kva for kjend hending fann stad skjærtorsdag? C) Kva fakk Judas for å svike Jesus? D) Kva heitte den romerske landshovdingen? E) Kva heitte den røvaren som slapp fri i staden for Jesus? F) Kva heiter staden der Jesus vart krossfesta? G) Kva vil det seia å «toe sine hender»? H) Når er «den stille veka»? I) Kor mange heilag dagar er det i påska?

Svar finn du på side 14

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Januar – 12. mars 2021

Jordfesta	Lomen sokn:	22.01	Ingebjørg Stee	f. 1927
		27.01	Sigrid Amalie Høyne	f. 1929
	Slidre sokn:	29.01	Knut Erik Bertelsen	f. 1964
		05.02	Harald Tildheim	f. 1947
	Røn sokn:	29.01	Liv Karine Dyvesether	f. 1949
		19.02	Erik Rostbøll	f. 1926
		12.03	Anders Tvenge	f. 1931

Mi kyrkjebok 4

Tittel: Mi kyrkjebok 4

Redaksjon:

Cecilie Holdø,

Astrid L Paulsen,

Ingvild D Sandnes

Illustratør:

Morten N Pedersen

Utgitt 2018 IKO-forlaget

83 s

Arbeidsbok på 16 sider.



I førre kyrkjeblad var det med ein omtale av *Mi kyrkjebok 6*. Mi kyrkjebok 4 vart delt ut til fireåringar i Røn kyrkje i desember i fjor.

Dette er ei fin bok! Artige og detaljrike teikningar, teikneserieborna Bo og Nora er inno m mange gonger med gode historier. Her er forteljingar frå bibelen, både frå det gamle og det nye testamentet, og her er også gode forklaringar om gudstenester og kva som hender der.

Det er kanskje i meste laget med songar, eg spør meg om foreldre kjenner til alle desse og kan bruke dei?

Arbeidsboka er bra og byggjer fint opp under innhaldet i hovudboka. Alt i alt ei fin gåve til fireåringar i kyrkjelyden!

Gudstenesteliv i koronatid

Sidan november har det vore nokre spesielle månader for gudstenestelivet. To gonger har vi fått prøvd om smittevernsrutinene våre er gode nok, og baa gongene har dei heldigvis stått prøva med glans. Men den stadige trusselen frå viruset har, saman med skiftande restriksjonar, gjort at vi har måtte tenkje mykje og nytt rundt sundagane våre. Nokre helger har vi valt å avlyse gudstenestene, og i den tida der vi berre kunne ha ti deltakarar, var det konfirmantane som feira messe på vegner av kyrkjelyden. Barnedåp har vi diverre sett oss nøydde til å legge utanom hovudgudstenesta av omsyn til antalsrestriksjonane. Men eit tiltak vi har prøvd, og som vi i nokon grad håpar å kunne vidareføre også etter koronaperioden er open kyrkje. I gudstenestetida har vi hatt opent kyrkjerom med tekstlesing, nattverd og mykje orgelmusikk. Dette vil vi gjerne ta med oss vidare som ei ordning som har kvalitetar også uavhengig av restriksjonar. Men fyrst vil vi gjerne feire fullstendige høgmesser i påskeveka.

Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidaregåande skule eller deltek på kristne leirar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjarar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: torgeirforsminne@yahoo.no

SVAR på oppgåve 5 frå side 13:

- A)** Palmesundag. **B)** Jesu siste måltid med disiplane. **C)** 30 sølvpenar. **D)** Pontius Pilatus. **E)** Barabbas. **F)** Golgata. **G)** Pilatus vaska hendene sine for å vise at han ikkje ville ha ansvaret for dødsdomen til Jesus. **H)** Frå og med palmesundag til og med påskeaftan. **I)** 4.

MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.
Fylg med på kyrkja si nettside og facebookside!

Dato	Dag	Tid	Stad
MARS			
28.03	Palmesundag	11.00	Lomen
APRIL			
01.04			Røn (flytta frå Sekskanten)
02.04	Langfredag	19.30	Slidredomen
04.04	1. Påskedag	11.00	Slidredomen
05.04	2. Påskedag	11.00	Sjukeheimen
11.04	2. s i påsketida	Frihelg	
18.04	3. s i påsketida	11.00	Lomen
25.04	4. s i påsketida	11.00	Øyjar
MAI			
02.05	5. s i påsketida	Frihelg	
09.05	6. s i påsketida	11.00	Slidredomen
16.05	Sundag før pinse	11.00	Lomen
17.05		9.45	Slidredomen
17.05		11.30	Røn
23.05	Pinse	11.00	Slidredomen
24.05	2. Pinsedag	11.00	Sjukeheimen
29.05	Konfirmasjon	11.00	Slidredomen
29.05	Konfirmasjon	12.00	Lomen
30.05	Konfirmasjon	11.00	Røn
JUNI			
04.06	2. s i treeiningstida	Frihelg	
13.06	3. s i treeiningstida	11.00	Røn
18.06	Tween camp	21.30	Slidredomen
19.06	Tween camp	21.30	Slidredomen
20.06	4. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen
27.06	5. s i treeiningstida	11.00	Lomen
30.06	Pilgrimsmesse	19.00	Slidredomen
JULI			
04.07	Aposteldagen	11.00	Røn - Fystro
11.07	7. s i treeiningstida	Frihelg	
18.07	8. s i treeiningstida	11.00	Syndinstøga
25.07	9. s i treeiningstida	11.00	Mo kyrkjeruin
29.07	Olsok	19.30	Lomen stavkyrkje
AUGUST			
01.08	10. s i treeiningstida	11.00	Vasetstølen
08.08	11. s i treeiningstida	19.30	Slidredomen
15.08	12. s i treeiningstida	Frihelg	
22.08	13. s i treeiningstida	11.00	Lomen
29.08	14. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen

På kvar messe blir det tatt opp takkoffer. Kven som mottek offeret blir opplyst om på gudstenesta.

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope måndag – torsdag frå 09.00 – 15.00.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Berit Kristin Klevmoen	61345052 93231814	Sokneprest	bk788@kyrkja.no
Veslemøy Kvamme	61345095 95868588	Kyrkjeverje	vk766@kyrkja.no
Are Alund	99734175	Kantor	aa655@kyrkja.no
Geir Kongslie	61345098 92887778	Trusopplærar og Kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
Johanna Fuglesteg	90156613	Klokkar i Slidre sokn	
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester	
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	
		Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel	
		Ringjar i Slidre	
		Reinhaldar i alle sokna	
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>
Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!

God påske!

Helsing frå oss i redaksjonen

Johanna Fuglesteg, Sigrun Sørensen, Anne Karin Ruud Truberg, Per Olav Eide, Are Alund og Veslemøy Kvamme

E-post til Kyrkjebladet: vskyrkjeblad@gmail.com.

Kom gjerne med stoff eller innspel til kva me bør skrive om eller ha med!

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

Den våre fuglen

AV MARIT MYHRE

Gleda
er ein redd og vår
liten fugl
skal so lite til
før den lettar
og flyg sin veg.

Eit augekast
eit tankelaust
ord

Men den vonde
togna
er verst

Ei kosteleg gåve
er den vesle
fuglen
når den kjem og
slær seg ned.

Men den
er vår